

# Omtrentleg historie

**«Major» Christian Christensen har skrive ei ny bok, «De som heiste flagget», der han hyllar dei norske marineoffiserane under den tyske okkupasjonen.**

**Bøker**

SVEIN BLINDHEIM

Eit slags fasitsvar i boka er at Nygaardsvoldregjeringa svikta kapital både før og etter 9. april, men at marineoffiserane, general Fleischer, Arne D. Dahl og nokre andre hæroffiserar ordna opp i defaitismen, rotet, ja i intrigane og korrupsjonen. Men det var marineoffiserane som «masted banneret», og «Norge var i krig på Englands side». Det er glimt av sanning i det han skriv, men som historie er det mildt sagt skeivt og forenkla.

Mjøke av det han seler om regjeringa har noko for seg. Det er berre det at det er komplett selektivt og ufullstendig å seie det på Christensens (CC) måte. Det hadde t. d. alltid vore borgerlig fleirtal i nasjonalforsamlinga, og sosialdemokratane – som CC konsekvent kalla sosialistar – hadde aldri hatt makt til å rasere militærstellet vårt, slik CC implisitt framstiller det. Nygaardsvoldregjeringa plussa tvert om på so monaleg del siste åra før 9. april at ikkje eingong heltane til CC greidde å få brukt opp pengane.

Før CC var det «norske offisers kampinnsats i krig som var avgjørende for at Norge fikk bli med i Nato i 1949». Fekk bli med! Ny heilbom, om det eigentlige offiserskorpset var ekstremt pro-NATO, for å seie det mildt – og ekstremt anti-Sovjetunionen både før og etter krigen, hadde det lite med innsats å gjere. Kva med Danmark? Portugal? Italia? For ikkje å gløyme Vest-Tyskland. CC minner om situasjonen etter krigen då «man engstet seg for at Moskva skulle utvide sitt imperium mot vest. Ukraina, Ungarn, Polen, de baltiske stater, Romania, Bulgaria, deler av Tyskland var blitt kolonier. Tsjekkoslovakia falt. Hellas og Finland var truet». Mildast sagt ei overforenkla historieframstilling av beste cowboyoppskrift.

Det er derverre ikkje berre trivallitteratur som gjer slike skeive bilde av verkelegheten. Den største avis vår held fram med å hjernevaskje kunnskapsfattige og lettkskremde landsmenn med daglege doser. Som t. d. i dag, 24. april, i kjempeoppslag på førstesida: «Sovjet øver landgang øst for grensen i Finnmark»; slik Aftenposten har vore hovudpåverken i å piske opp ei hatstempning so langt bakover eg kan hugse. Bolsjevikhetens skulle i sanning bli lagnaden til mange nordmenn under krigen, då ikkje berre dei mange frontkjemparane som fall eller blei såra, men også tusental andre som blei trekt inn i det sokalla rettsoppgjret etter kri- gen.

Åtak er det beste forsvar. Det veit CC når han går til frontal-åtak på styresmaktane som

ikkje mobiliserte i tide. Eg er samd i at regjeringa var tafatt, for å seie det varsmat, og truleg hadde vi valt ei dansk løysing om ikkje Quisling hadde stige opp på den historiske scenen om kvelden 9. april, hadde oppnemnt opprørsregjeringa si og gitt ordre om å stanse mobiliseringa. CC treffer blinken når han seier at Quisling blei «en lykkefigur for landet. Han fremsto som en vikarierende fiende for nasjonen».

Eg er samd når han skriv at «så lenge nordmenn vil være opptatt av historie, kommer mobiliseringen 1940 til å bli diskutert». Men CC overforenklar. Han nemmer ikkje fullmobiliseringa i Nord-Norge; heller ikkje forkladrungene i mobiliseringssystemet ved at det vart nytta mange og mange slags avdelingar frå Sør-Norge då åtaket kom ei «halv verd» lengre sør i kongriket. Når CC hevdar at «krigstidens sagaberettere» utelet sida som skulle ha vore med, er eg samd. Men likevel slår hans eigne utelatingar, forenklinger og skeivskap tilbake på han sjølv.

CC går derimot ikkje inn på kor lite Nygaardsvoldregjeringa ante om kva som eigentleg skjedde i militærstellet. Rett nok sa Nygaardsvold til den nyutnemnde forsvarsminister Ljungberg, at han, obersten, skulle ta seg av dei militære sakene. «Det politiske skal vi greie med å ta ansvaret for», la han til. Dobbeltbokhalderiet i mobiliseringssoppgjeter blei nok røbrisert under Ljungbergs avsvarsområde. I allfall gjorde ikkje regjeringa Nygaardsvold noko effektivt for å rydde opp i rotet. Historikaren Lars Borgersrud har skrive om dette i «Den hemmelige hæren», men både media og det politiske Norge har tagd heilt og freista å latterlengjere boka. Men inn i mobiliseringssrotet i 1940 høyrer dette spørsmålet heime.

Den traurige verkelegheten er at hæren og marinen ikkje blei regiert av den sosialdemokratiske Nygaardsvoldregjeringa, men at dei to forsvarsregjirinene blei administrert av offiserar i forsvarsdepartementet i embata som ekspedisjonsjefar, avdelingsjefar, byråsjefar osb., mens generalstabben og admiralsstabben regjerte. Dobbeltbokhalderiet var sjølsgjort ei politisk sak, men utan at politikarane grep inn.

I forsvarsdepartementet på alle nivå og i forsvarsregjirinene satt legion personar med varierande brunfarge. Det høyrer og med til historia, utan at eng insinuerer høgforræderi då åtaket kom. Men det er tale om ideologi og haldning. Eg insinuerer heller ikkjehøgforræderi for ein av offiserane Hans Wilhelm Scheidt hadde kontakt med, sjølv ikkje om vedkommande blei utnemnd som forsvarsminister i Quislings opprørsregjering og sjølv om Scheidt var mannen som fiksa tilgjenge til NRK klokka 1832 den 9. april. Slike og nærliggjande spørsmål høyrer med i dei problemstillingane CC har meininger om, utan å drøfte. Likevel trekker han bastante slutningar vedrørande kven som heldt mål og kven ikkje. Difor er

det selektiv historie han skriv. Eg har stikk motsett syn, i allfall når det gjeld felttoget i Sør-Noreg, og for at det blei skytekrig i det heile. Men eg er samd men general Arne D. Dahl når han spør: «Hva foretok egentlig Rugés stab seg under kamphandlingene?» CC er heilst lite begeistra for Otto Ruge. Fleischer derimot står høgt hos CC. Rett nok stod mange av dei i Finnmark – men Fleischer sjølv hadde et hovudsvar for det – og mange blei ståande der mot «fienden» i aust. Likevel, om det hadde vore so svært greier, skulle Dietl og tyskerane hans ha vore kasta på havet. Men inn i dette bildet kjem sjølsagt britane, som var alt anna enn pådrivande – og gjorde nett som dei ville. Attpåtil opererer norske historieverk omkring Norge-felttoget i 1940, då også Dietls soldatstyrke i Narvik, truleg men overdrivne tal. Det har m. a. med vurderinga av Fleischer som general å gjere – om ikkje med CCs bok – og eg kjem tilbake til det spørsmålet i annan sammenheng.

Boka har den utmerkte marineoffiseren Øivind Schau som gjenomgangsfigur. Ved Sjøkrigsskolen var det ikkje mange NS, får vi vite. Slik får vi og det skeive inntrykket at det var få høgreekstreme ved skulen. Mange og mange er elles eit definisjonsspørsmål. Det var no slett ikkje i Schaus kull at luxen i klassen var NS. I allfall gir et brev frå den 03.02.1943 frå ein eit par år eldre marinelyntnant et litt anna inntrykk: «Jeg kan nevne at jeg før valget i 1936 av min klasse ved Sjøkrigsskolen, som forutnet meg bestod av 14 elever, fikk innmeldt 7 (i NS) og ytterligere 4 til å stemme på NS ved valget i 1936». Det gir liten tilstil til CC når denne hevdar det motsette utan dokumentasjon. Eg er samd med CC når han skriv om eit par i Schaus kull som svikta, at «ingen var forræder». Sanninga er like ofte at mange NS kanskje slåst blandt dei beste. På den andre sida var det sjølsgjort dei NS som ikkje heldt mål, akkurat som i heile offiserkorpset.

Laake gikk for aldersgrensen samme dag, dvs. 9. april, les vi. Men det gjorde general Laake eigentleg ikkje. Då han blei utnemnd galdt 68-årsgrænsa for stillinga. At han blei meldt avskilt 11. april då oberst Ruge blei utnemnd til ny øverstkommanderande, er ei anna sak.

Ein annan detalj: «Kaptein, senere oberst Nils Petersen, var en ambiøs herre, nummer ein i sitt kull på Krigsskolen i 1917». Det var kaptein «Bimmlmann» Petersen frå «Deres tapre lille land» ikkje. Ein kavallerist som endte sin karriere som rittmeister var nummer ein. Nummer to var Wilhelm von Tangen Hansteen, medan Petersen låg lenger bak i ansiennetsrekka. Petersen, som elles var offisersson, hadde slått seg ned i London som direktør for Borregaard. Men kvarfør nemmer ikkje CC dei to meir kjende offisersbrørne hans med etternamnet Pran, Fleischers stabssjef i London, Aage, seinare general, og regimentsjefen i Oslo, Sigvart?

Boka er på mange måtar underhaldande, ikkje minst av di ho er spekka med sladder. Men historie er ho knapt. CC går grundig inn på spørsmålet om kvarfør oberst Ljungberg blei forsvarsminister i desember 1939. Lat meg skyte inn at eitt av dei beste argumenta for at den engelske marskalken Lord Haig i 1915 blei utnemnd til britisk øverstkommanderande skulle vere at kona hadde vore hoffdame og var venninne med dronning Mary. Fru Ljungberg hadde og vore hoffdame, for dronning Maud, og obersten sjølv hadde vore adjutant for kong Haakon. CC antydar i allfall at «regjeringens medlemmar trodde at kongen ville apprisiere valget», sjølv om ingen i regjeringa so mykje som hadde trøft han. Drygt to år seinare gjentok regjeringa seg sjølv då ho utnemnde ein major ingen av dei kjende, nemleg ovannemnde Wilhelm Hansteen. Ljungberg blei ofra, seler CC, av di 9. aprilregjeringa «var i desperat behov for en politisk aniksloftning».

Fra Norge kom det og krav om utsiktning av Ljungberg, grunngitt med «dei manglane forsvartilstaka kring 9. april som Ljungberg måtte stå til ansvar for», etter Riste i «London-regjeringa». CC meiner dette er å rette bakar for smed. Men alle kjende det altså «bekvemt med en syndebukk». Så blei den «høyst konservative» Hansteen utpeika til forsvarssjef av rittmeisteren som blei stabssjefen hans, Bjørn Christophersen.

Ikkje berre Bjørn Christophersen, som heller ikkje kjempa aktivt i 1940, men også broren Rolv steig i «gradene». Den litt yngre Rolv var opprinnelig offiser med topp offisersutdanning. Men seinare tok han også juridisk embeteskansen. Det gjorde resten mange av deira generasjon, m. a. o. også Hansteen og Aage Pran og nok ein generalstabsoffiser som er omtalt i boka, nemleg kaptein Ørnulf Dahl, bror til ovannemnde Arne D. Dahl.

Etter omveltinga i forsvarsleininga blei ho gjerne omtalt som «Brødrene Christophersen & Co». General Hansteen blei elles omtalt «faktisk degradert» igjen, etter CC, då kronprins Olav blei utnemnd som sjef, med Hansteen som nestkommanderande. Det er rart med det blå glücksborgske blodet i demokratiet Norge. General Olav var «anerkjendt som en dyktig offiser», får vi vite.

Elles opplyser CC at «den nye konservative byråsjef Thore Boye (blei) regjeringens kontorets sterke mann». Sjølv hugsar eg Boye som forsvarsminister Oscar Torps springpojke under eit besøk i Kompani Linge i Skottland vinteren 1942 – og som sakkyndig i Treholt-saka.

Med tid og stunder fekk Noreg status som krigførande. Einig, men engelskmennene bestemte.

På heimefronten var vi oppatt av «retrospektiv infamering av alle NS etter Quislings oppreden 9. april». Det er rett. Rett er det også at «vi var hevngjerrige i 1945. Hevnen var systematisk planlagt, aksjonene kanskje mest tiljublet av mennesker som hadde vært passive i de fem okkupasjonsåra. Vi rammet vår hevn inn i rettsstatens prinsipper». Christian Christensen

«De som heiste flagget»  
Cappelen 1986

105/66